



Møteprotokoll

Utval: Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg
Møtestad: Hamaren, Fyresdal Næringshage
Dato: 17.10.2024
Tid: 08:30 - 10:30

Fylgjande medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Nils Kristian Moe	Leiar	AP
Ingunn Lauvrak	Nestleiar	AP
Nils Vidar Pettersen	Medlem	AP

Fylgjande medlemmer møte ikkje:

Namn	Funksjon	Representerer
Annette Gustavson	MEDL	SP
Henning Barlund	MEDL	SP

Fylgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Fylgjande frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Liv Johre-Bakke	kommunalsjef kultur og oppvekst
Gunn Marit Aslestad	avdelingsleiar HSPL/Tøddestogene
Elise Lauvrak	vernepleier
Anne Veum	kommunalsjef helse og omsorg

Merknader til møteboka:

Godkjenning av protokoll:

Nils Kristian Moe

utvalssekretær

Kommunedirektøren si godkjenning, jfr. saksbehandlingsrutiner pkt.11.0:

Ulf Pedersen
Kommunedirektør

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka møte(X)
PS 26/24	Referatsaker	
RS 23/24	Orientering frå administrasjonen	
PS 27/24	Søknad om tilskot til skilting av kulturminner i Birtedalen	
PS 28/24	Økonomirapportering pr 01.09.24	
PS 29/24	Økonomirapportering pr. 01.09.2024- helse og omsorg	
PS 30/24	Høyringsvar- Nasjonal veileidar for prioriteringar i kommunale helse og omsorgs- tenester	
PS 31/24	Søknad om tilskot til korseminar 2024 Førøsdal bygdekor	
PS 32/24	Arbeid og aktivitetstilbod til personar med psykisk utviklingshemming	
RS 24/24	Kommunens forvaltning av alkohollova 2023	
RS 25/24	Kommunens forvaltning av tobakkskadelova 2023	
RS 26/24	Søknad om tilskot til å arrangere jaktprøve Nordisk Mesterskap for Beagle	
RS 27/24	Saksprotokoll Rapport frå analyse av helse og omsorg Fyresdal kommune	

Behandling i Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg - 17.10.2024

- Bedrifthelsen har starta arbeidet i skulen.
- Prosess i barnehagen
- Alle tre prosjekta er nå i gang i skule og barnehage. Helse er inni to av dei. Det er to sektorar som arbeider godt på tvers
- Sjufråværet er fortsatt for høgt både i skule og barnehage
- Klubben har mange elevar og ungdommar på klubben
- Statsforvaltaren har tilsyn med alle komunane ang PPT i Vest-Telemark
- Meir-ope bibliotek er godt i gang
- Informasjon i høve til kjernejournal. Nasjonalt innføringsløp. Heilt i tråd og i drift frå 16.10.24.
- Info om helsesjukepleiarstillinga. To søkerar. Tilbod sendt ut.
- Ny kommuneoverlege (KOL) startar den 01.11.24
- Det blir jobba kontinuerleg med å rekruttere fagarbeiderar og sjukepleierar på POS
- Det er tilsett i lege vikariatet i nordsjøturnus

Vedtak i Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg - 17.10.2024

PS 27/24 Søknad om tilskot til skilting av kulturminner i Birtedalen

Innstilling frå kommunedirektøren:

Det tilrås og gje eit tilkost på kr 10 000,- til skilting av kulturminner langs turstien Birtevatn rundt. Det er viktig at ein ved utforming av skilta tenkjer på universell utforming.

Midlane hentas frå midlane til Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg

Behandling i Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg - 17.10.2024

Samrøystes

Vedtak i Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg - 17.10.2024

HOKO løyver kr 10 000 til skilting av kulturminner langs turstien Birtevatn rundt. Det er viktig at ein ved utforming av skilta tenkjer på universell utforming.

Midlane hentas frå midlane til Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg.

PS 28/24 Økonomirapportering pr 01.09.24

Innstilling frå kommunedirektøren:

Den økonomiske stoda pr. 1. september 2024 i sektor for kultur og oppvekst takast til vitande.

Behandling i Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg - 17.10.2024

Samrøystes

Vedtak i Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg - 17.10.2024

Den økonomiske stoda pr. 1. september 2024 i sektor for kultur og oppvekst takast til vitande.

PS 29/24 Økonomirapportering pr. 01.09.2024- helse og omsorg

Innstilling frå kommunedirektøren:

Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg tek den økonomiske stoda i sektoren pr. 01.09.24 i sektor for helse og omsorg til vitande

Behandling i Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg - 17.10.2024

Samrøystes

Vedtak i Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg - 17.10.2024

Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg tek den økonomiske stoda i sektoren pr. 01.09.24 i sektor for helse og omsorg til vitande

PS 30/24 Høyringssvar- Nasjonal veileidar for prioriteringar i kommunale helse og omsorgstenester

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune meiner at veiledaren vil vere til stor nytte for administrasjonen i høve til plan og budsjettarbeid. Samt vere ei god støtte relatert til tildeling av tenester.

Fyresdal kommune meiner at begrepa kan eller foreslår må erstatte begrepet bør som nå er nytta som begrep i heile veilederen.

Behandling i Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 16.10.2024

*REMNF er samd med kommunedirektøren i hans innstilling i saka.
Samrøystes*

Vedtak i Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 16.10.2024

Fyresdal kommune meiner at veiledaren vil vere til stor nytte for administrasjonen i høve til plan og budsjettarbeid. Samt vere ei god støtte relatert til tildeling av tenester.

Fyresdal kommune meiner at begrepa kan eller foreslår må erstatte begrepet bør som nå er nytta som begrep i heile veilederen.

Behandling i Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg - 17.10.2024

Samrøystes

Vedtak i Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg - 17.10.2024

Fyresdal kommune meiner at veiledaren vil vere til stor nytte for administrasjonen i høve til plan og budsjettarbeid. Samt vere ei god støtte relatert til tildeling av tenester.

Fyresdal kommune meiner at begrepa kan eller foreslår må erstatte begrepet bør som nå er nytta som begrep i heile veilederen.

PS 31/24 Søknad om tilskot til korseminar 2024 Førdsal bygdekor

Innstilling frå kommunedirektøren

Fyresdal kommune stør Førdsal Bygdekor med 5.000,- til korseminar hausten 2024. Med dekning frå OKO utvalet sin disponible pott.

Behandling i Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg - 17.10.2024

Samrøystes

Vedtak i Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg - 17.10.2024

Fyresdal kommune stør Førdsal Bygdekor med 5.000,- til korseminar hausten 2024. Med dekning frå OKO utvalet sin disponible pott.

PS 32/24 Arbeid og aktivitetstilbod til personar med psykisk utviklingshemming

Innstilling frå kommunedirektøren:

Sektor for helse og omsorg vert tilført 1,9 årsverk, i tillegg til 2,6 årsverk som vart lagt inn i budsjettet for 2024, for å dekke opp auka behov for tenester for funksjonshemma.

Total kostnad for alle årsverka er berekna til 4,2 millionar der 2,2 millionar vart innarbeid i budsjett for 2024. Restfinansiering på to millionar må innarbeidast i budsjettet for 2025.

Under forutsetning av at det er mogleg å innarbeide investeringa i budsjettvedtaket for 2025 går ein vidare med alternativ 3 som arena for arbeid.

Oppstart av tiltaket kan tidlegast starte opp etter at midlar er løyvd.

Vidare utvikling av dagtilbod for utviklingshemma vert innarbeid i den framtidige helse og omsorgsplanen.

Behandling i Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 16.10.2024

Uttale frå REMNF:

Som fyrste avsnitt i innstillinga frå kommunedirektøren.

Det arbeidast vidare med alternativ 3 som arena for arbeid.

Det utarbeidast ei realistisk kalkyle for kostnad med prosjektet, før vedtak om iverksetting blir fatta.

Kommunen arbeider aktivt mot bedrifter i kommunen med tanke på aktivitetstilbod til utviklingshemma.

"Psykisk utviklingshemma" blir i saka endra til utviklingshemming.

Samrøystes

Vedtak i Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 16.10.2024

Som fyrste avsnitt i innstillinga frå kommunedirektøren.

Det arbeidast vidare med alternativ 3 som arena for arbeid.

Det utarbeidast ei realistisk kalkyle for kostnad med prosjektet, før vedtak om iverksetting blir fatta.

Kommunen arbeider aktivt mot bedrifter i kommunen med tanke på aktivitetstilbod til utviklingshemma.

"Psykisk utviklingshemma" blir i saka endra til utviklingshemming.

Behandling i Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg - 17.10.2024

Samrøystes

Vedtak i Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg - 17.10.2024

I samsvar med innstillinga til kommunedirektøren alternativ 3 på kort sikt. Det må vidare framover blir jobba mot eit tilbod som alternativ 1 for at kommunen kan rigge seg for framtida.

RS 24/24 Kommunens forvaltning av alkohollova 2023

RS 25/24 Kommunens forvaltning av tobakkskadelova 2023

RS 26/24 Søknad om tilskot til å arrangere jaktprøve Nordisk Mesterskap for Beagle

RS 27/24 Saksprotokoll Rapport frå analyse av helse og omsorg Fyresdal kommune